



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

200801536-25
KSK/B.W. J12

Vanylven kommune, Myklebust sameige, Røfsdalselva kraftverk - avgrensa høyring

Vi viser til brev 08.07.2015.

Brevet er ein søknad frå Myklebust Sameige om fornya konsesjon til bygging av Røfsdalselva kraftverk i Vanylven kommune i Møre og Romsdal. I søknaden finn vi:

«Røfsdalselva kraftverk fekk konsesjon i 2009, og søkjer nå om fornying av utgått konsesjon. Søknaden er lik med unnatak av økt slukeevne i kraftverket, lågare minste driftsvannføring og ny inntaksløysing for å ivareta anadrom fisk i elva. Dei meiner òg at vassføringa i elva er om lag 10 % høgare enn tidlegare antatt.»

Innhaldet i søknaden no er skildra såleis:

«Røfsdalselva kraftverk vil nytte eit fall på 200 m i Ripsdalselva frå inntaket på 215 moh. til kraftstasjonen på 15 moh. Tilløpsrøyret blir 2200 m langt, og er planlagt nedgrave langs vestsida av Ripsdalselva. Det må byggast ny permanent veg for tilkomst fram til kraftstasjonen og til inntaket på om lag 20-40 m. Middelvassføringa er 1,6 m³/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 2,35 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 3,78 MW, noko som vil gje ein årleg produksjon på 15 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 2400 m lang elvestrekning i Ripsdalselva. Det er søkt om slepp av ei minstevassføring på 236 l/s heile året.»

Ved den offentlege høyringa av konsesjonssøknaden for bygging av Røfsdalselva kraftverk kom vi med fråsegn 09.09. 2008. Vi vil her vise til fråsegna som set fokus på tilhøva for anadrom fisk. Vi trakk fram minstevassføring og biotopjusterande tiltak.

Den nye søknaden inneheld no økt slukeevne i kraftverket, lågare minste driftsvassføring og ny inntaksløysing for å ivareta anadrom fisk i elva. Slik vi vurderer det er økt slukeevne og lågare minstevassføring eit skritt i gal retning med omsyn til tilhøva fisk på regulert strekning i elva. Det er likevel grunn til å håpe at den nye inntaksløysinga vil vere eit positivt tiltak.

Konklusjon

Samla sett ser vi for oss at dei nye planane ikkje i vesentleg grad endrar livsvilkåra i negativ retning for anadrom fisk på regulert strekning samanlikna med dei tilhøva som ville ha kome til uttrykk i konsesjonen som vart gjeve.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef

Leif Magnus Sættem

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.